



Etne kommune  
Postboks 54  
5591 ETNE

Dato: 23.02.2015  
Vår ref.: 2015/1175-2  
Saksbehandlar: josaksd  
Dykkar ref.: 2010000299

## Informasjon om status og framdrift i sak om freding på Stødle. Etne kommune

Hordaland fylkeskommune viser til brev dagsett 26.01.2015 frå Etne kommune med spørsmål om status i fredingssaka på Stødle.

Etter 1. og 2. gongs høyring av forslag til freding av deler av Stødleterassen, jf. kulturminneloven § 19, la Hordaland fylkeskommune fram ei revidert sak og arealavgrensing tufta på vår faglege vurdering og merknadane ved høyringa. 08.01.2013 vart framlegget sendt over til Riksantikvaren for vidare handsaming og endeleg vedtak. Hordaland fylkeskommune fekk i mai same år saka i retur. Riksantikvaren sitt syn var at forslaget til verneområde representerte ein vesentleg arealreduksjon i høve til tidlegare, og at saka difor måtte sendast på ny høyring.

I etterkant har det vore arbeidd med å førebu slik utsending. Direktoratet for kulturminnevern har arbeidd ut standard for fredingssaker, og freding etter § 19 i kulturminnelova på Stødleterrassen skal vere i samsvar med desse retningslinene og konsistent i form og innhald. Dette gjer at arbeidet har teke noko tid.

Hordaland fylkeskommune er kjend med at det pågår fleire lokale prosessar med omsyn til framtidig bruk og uttak av naturressursar frå terrassen. Vi legg til grunn at desse sakene vert løyste gjennom god dialog med grunneigarar og tiltakshavarar. Fylkeskommunen meiner at det føreslåtte verneområdet skal ha eit omfang som er fagleg forsvarleg, jf. § 19 i kulturminnelova, men samstundes ynskjer ein så langt som mogeleg å kome lokale interesser i møte.

Hordaland fylkeskommune planlegg utsending av oppdaterte dokument i saka i løpet av april månad. Som tidlegare vert saka sendt til Etne kommune på høyring to gonger. Med stram framdrift vil forslag freding kunne vere klart for endeleg oversending til Riksantikvaren i slutten av året.

Hordaland fylkeskommune møter gjerne Etne kommune dersom det er behov for meir informasjon om saka.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Jostein Aksdal  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*